



4

Stortinget

Erna Solberg

Statsministerens Kontor

Sosialistisk Venstrepartis  
stortingsgruppe

Vår dato: 18.10.2013

Vår ref.:

Deres dato:

Deres ref.:

Dei siste dagane har det vore diskusjon rundt regjeringsmedlemmer med bakgrunn i kommersielle PR- og lobbysekskap. Vi har sett at det blir lagt opp til ei ordning der den administrativt ansvarlege, som departementsråden eller regjeringsråden, vil få innsyn i kundelister, men at det ikkje vil vere mogleg for andre å vite kven som har hatt eit kommersielt kundeforhold til den politiske leiinga i departementa.

SV meiner det er av offentleg interesse å vite kven ein statsråd eller ein statssekretær tidlegare har hatt som kunde gjennom PR- eller lobbyverksemd. Dette er viktig for at regjeringa skal kunne styre basert på tillit og openheit. Eg vil difor be statsministeren om å sørge for offentleggjering av dei tidlegare kundelistene til nye statsrådar og statssekretærar som kjem frå PR- eller lobbybransjen.

Med vennleg helsing

Bård Vegar Solhjell  
Sosialistisk Venstreparti